

# FISKERIDIREKTØREN

Ark.nr. 412.5 Makrell

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

\*\*\*\*\*

(J. 141/84)

Bergen, 17.7.1984

AV/LM

ENDRING I FORSKRIFTER AV 15. JUNI 1984 OM REGULERING AV FISKE ETTER MAKRELL MED RINGNOTFARTY PÅ 70 FOT L.L. ELLER MEIR SØR FOR 62° N OG I SKAGERRAK I 1984.

I medhold av § 8 i forskrifter om regulering av fiske etter makrell med ringnotfarty på 70 fot 1.1. eller meir sør for 62° N og i Skagerrak i 1984, fastsett ved kgl.res. av 15. juni 1984, har Fiskeridepartementet 4. juli 1984 bestemt:

### I

Forskrifter om regulering av fisket etter makrell med ringnotfarty på 70 fot 1.1. eller meir sør for 62° N og i Skagerrak skal endrast slik:

§ 5 skal lyde:

Ringnotfarty på 70 fot lengste lengde eller meir, men under konsesjonsplikta (jfr. forskrifter av 2. mars 1979) og som har levert makrellfangst fiska i område nemnd i § 1 i 1981, 1982 eller 1983, kan utan hinder av forbodet i § 1 fiske samla inntil 2000 tonn makrell til menneskemat fra 23. juli 1984.

Fiskeridirektøren fastset fartykvote og turkvote på grunnlag av talet på deltagende farty.

Farty nemnd i denne paragraf må melde seg på til Fiskeridirektøren innan 15. juli 1984.

### II

Denne endringa trer i kraft straks.

Etter disse endringene har forskriftene følgende ordlyd:

**FORSKRIFTER OM REGULERING AV FISKE ETTER MAKRELL MED RINGNOTFARTY PÅ 70 FOT L.L. ELLER MEIR SØR FOR 62° N OG I SKAGERRAK I 1984.**

### § 1

Det er forbode for ringnotfarty på 70 fot lengste lengde eller meir å fiske makrell i Noregs økonomiske sone sør for 62° N og i Skagerrak.

### § 2

Konsesjonspliktige ringnotfarty kan uten hinder av forbodet i § 1 fiske inntil 7500 tonn makrell til menneskemat fra 15. august 1984.

Fiskeridirektøren fastset fartykvote og turkvote på grunnlag av talet på deltagende farty.

### § 3

Farty nemnd i § 2 som skal ta del i fisket, må melde frå skriftleg til Fiskeridirektøren. Fiskeridirektøren kan fastsetje frist for påmelding.

Farty som er med i dette fisket, kan ikkje ta del i sommerloddefisket i fiskerisonen ved Jan Mayen og i Barentshavet i 1984.

§ 4

Det er forbode for farty som er tildelt kvote etter § 2 å fiske makrell innanfor 40 n.m. av grunnlinene sør for 59° N.

§ 5

Ringnotfarty på 70 fot lengste eller meir, men under konsesjonsplikta (jfr. forskrifter av 2. mars 1979) og som har levert makrellfangst fiska i område nemnd i § 1 i 1981, 1982 eller 1983, kan utan hinder av forbodet i § 1 fiske samla inntil 2000 tonn makrell til menneskemat frå 23. juli 1884.

Fiskeridirektøren fastset fartykvote og turkvote på grunnlag av talet på deltakande farty.

Farty nemnd i denne paragraf må melde seg på til Fiskeridirektøren innan 15. juli 1984.

§ 6

Når kvotane nemnd i § 2 eller § 5 er pårekna oppfiska kan Fiskeridirektøren stogge fisket for vedkommande fartygruppe.

§ 7

Sild- og brislingfangstar kan ha inntil 20 % makrell i vekt ved kvar landing.

Hestmakrellfangstar kan ha inntil 10 % makrell i vekt ved kvar landing.

Makrellfangstar kan ha inntil 5 % sild i vekt ved kvar landing.

Fiskeridirektøren kan fastsetje reglar om prøvetaking og kontroll av fangstar nemnd i denne paragrafen.

§ 8

Fiskeridepartementet kan endre forskriftene.

§ 9

Forsettlege eller aktlause brot på desse forskriftene vert straffa med bøter med heimel i § 69 i lova av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene eller § 11 i lova av 16. juni 1972 om regulering av deltakelsen i fisket.

§ 10

Desse forskriftene tek til å gjelde straks.

-----